



PLAN FOR INVOLVERING. GRANVIN HERAD KOMMUNEREFORMA VÅREN 2016

25. april skal det vere folkerøysting/innbyggjarhøyring om kommunesamanslåing.

I tida fram til denne skal innbyggjarane delta i prosessen.

KVIFOR EIN NY KOMMUNE?

Kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik er i dag kommunar med lågt folketal og som er sårbare både når det gjeld tenesteutøving og inntektssituasjon. Ei samanslåing av dei tre kommunane vil gje den nye kommunen god økonomisk soliditet og såleis sikre at det også i framtida vert ytt gode tenester til innbyggjarane.

Ein ny og større kommune vil betre kunne leggja til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling gjennom meir koordinert arealplanlegging på tvers av dagens kommunegrenser.

Ein ny kommune vil mogleggjera større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonell med god kompetanse og gjera tenesteytinga til innbyggjarane mindre sårbar.

Ein større kommune vil kunna gje meir effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, kor vinsten skal nyttast til å gje betre tenester til innbyggjarane.

INVOLVERING

Til sjuande og sist er det innbyggjarane i dei tre kommunane som er målet med reformarbeidet, og det er difor viktig at innbyggjarane deltek aktivt i arbeidet med å vurdera om ein skal slå seg saman med nabokommunane, og eventuelt korleis denne samanslåinga skal ta form.

Heradet skal leve med vedtaket om samanslåing i mange år. Ein brei, grundig og open involvering av innbyggjarane gjev legitimitet og sikrar at heradsstyret si avgjer blir fatta på best mogleg grunnlag.

Alle dei tre kommunane vil involvera sine innbyggjarar i prosessen, men det kan vere skje på ulikt vis. Det er ulike utfordringar, kulturar og føresetnadar som vil gjere at prosessen ikkje nødvendigvis er lik frå kommune til kommune.

Under vil de finne ei kort oppsummering av kva som er gjort fram til no i Granvin, og vidare ein plan for involvering og innbyggjardialog i dei månadene som no kjem fram til vedtak skal fattast innan 1.7.16.

MÅL FOR DEN NYE KOMMUNEN

Kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik ynskjer i saman å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Indre Hardanger.

Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene til innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i.

Målet med kommunesamanslåinga er å sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.

STATUS PR. 1. FEBRUAR 2016

Dato	Form	Tema
From Hausten 2014	Digital informasjon	Informasjon er lagt ut under eigen fane på heimesida til heradet.
27.10.2014	Ope møte i Mælandshagen	Presentasjon av reforma og status i Granvin
21.4.2015	Innspelsmøte	Lag og organisasjonar blei invitert.
	Granvin næringslag	Dialogmøte med ordførar.
	Ungdomsrådet	Møte med ungdomsskulen, arrangert av ungdomsrådet.
22.6.2015	Ope møte i Eidfjord	Presentasjon av administrativ utgreiing
Fom hausten 2015	Innspel til ordførar	Digitale innspel om kommunereform til ordførar via heimesida.
Hausten 2015	Innbyggjarhøyring	Telemarksforkning utførte ei felles innbyggjarhøyring.
18.1.2016	Ope møte i Eidfjord	Intensjonsplanen var presentert.

PLAN FOR VIDARE INVOLVERING

Dato	Form	Tema
Innan 1.3.2016	Informasjonsavis	Ei felles informasjonsskriv om reforma skal ut til alle husstandar.
11.2.2016	Felles styringsgruppemøte	Møte om dei to intensjonsplanane Eidfjord, Ulvik, Granvin (og Ullensvang)
18.2.2016	Heradsstyremøte	Vedtak av intensjonsplan
Februar	Grendalagsmøte	Grendalaga/ungdomslaga blir oppmoda om å arrangere egne møte. Ordførar/rådmann stiller.
29.2.2016	Pensjonistlaget	Ordførar møter for å drøfta kommunesamanslåinga.
3.2.2016	Ungdomsrådet	Ordførar møter for å drøfta kommunesamanslåing.
7.3.2016	Ope folkemøte på skulen	Om reformarbeidet så langt. Resultat av forhandlingane. Deltaking frå politisk leiing i dei andre kommunane. Bør strømmast og leggjast ut på nettsida.
25.4.2016	Folkerøysting/innbyggjar høyring	Felles for alle 3 (4) kommunar.
Mai	Heradsstyret	Vedtak